

Dokumentar/kortfilm: «Idrettsmerkestatuett» v/vaksenopplæringselevar Ivar Asbjørn Sekse, Vegard Svoldal og etnolog Anne Lutro, vaksenopplæringa i Ullensvang, 5781 Lofthus. Tlf 53663121

Hordaland fylkeskommune

**Hordaland fylkeskommune, dykker ref.2014/323-332  
v/ fylkesdirektør, kultur og idrett Anne Elisa Tryti  
p.b. 7900  
5020 Bergen.**

**06.06.14**

**11 JUN 2014**

**Klage med tilvising til forvaltingslova vedrørende at Hordaland Fylkeskommune ikkje støttar Dokumentar/kortfilm «Idrettsmerkestatuett» økonomisk. Avslaget har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria fastsett i vedtekne retningslinjer.**

Her har me, idrettsmerkefilmteamet laga ein omfattande klage, ringer så fylket og får til svar at: «Fylkeskommunen , kultur og idrett, gjev avslaget avdi det er Vestnorsk Filmsentral som skal motta søknaden». Eg kan ikkje sjå at dette var nemnt i lysinga?

Er Vestnorsk Filmsentral ein halv- eller heloffentleg instans?

Søknad er og send til Vestnorsk Filmsentral, det blei avslag. Ein har ikkje fått grunngjeving. Klage vart send innan fristen.

I årevis har eg, Anne Lutro, arbeidd friviljug og mot løn for Psykisk utviklingshemma. Det har vore vanskeleg å få offentlege og andre løyvingar til arbeida. Vaksenopplæringa har vore m.a. vanleg skulearbeid, sunn mat, kulturelle tiltak i bygda, samt idrett. «Gutane» har vore med på mykje, og berika bygdesamfunnet som nemnt i søknaden, m.a. med ein skriftleg «vitskapleg» spørjeundersøking , der dei fekk vel 500 skriftlege svar. Idrettsmerkefilmen er deira idê, etter 15 tekne merker, dei har laga dreiebok og ved hjelp av dyktige bakspelarar som: Hovudfotograf Anders Flatlandsmo, Voss, med firma «Fylgje film», den kjende fotograf Arvid Aga, Nå, med sine store filmar og Norge Rundt innslag, forteljar, statsstipendiat Guttorm Rogdaberg. Ein vil ein tru det blir kvalitetsarbeid.

Produsent: Ivar Asbjørn Sekse, Vegard Svoldal, begge med Down syndrom som er med på mykje kulturelt arbeid og er sjærmerande skodespelarar, jamfør, Norge rundt. Og etnolog Anne Lutro, hovudfag v/ UiB, med «Jonsokbrudlaup» som spesialelemne, har hatt ansvar, eller medansvar på ei rekke utstillingar om dette på Aust- og Vestlandet, la tilrette for at 44 jonsokbrurepar samlast i Kinsarvik og vart døropnar for at 47 «jonsokborn» var med på opningsseremonien på Lillehammer-OL 94. Eg har hatt ansvar for ein DVD om gangen i eit jonsokbrudlaup. Og ansvar for to store utstillingar, «1010 bringklutar i privat eige» og «Flittige hender» med om lag 60 ulike husflidsteknikkar, Gutane var med under etterarbeida.

Me har og eit godt dugnadshjelpefolk bak oss . Og har tru på at det skal verta ein bra og informativ film. Den skal synast på «Empo» sin TV kanal.

Ferdige filminnslag:Innslag med direkte idrettsmerkeprøver som: symjing, uthaldenheit, trim, kulestøt og utdeling av statuetten på Voss v/ Hordaland Idrettskrets m.m. Dokumentering av deira løna arbeid, og litt om bueiningane. Ulike trim «historiar» som i fruktbløming i Hardanger, Swing aften på Ullensvang hotell, trim øvst i Husedalen med dei fantastiske fossane, i denne snøsmeltinga,

symjing i eit utebasseng forma som ein kanal, og baking av krotakake i eit eldhus.

Trimhistoriar som skal «skyttast» er: «Norges største stein, Odda», «Vikinglunden i Eidfjord», «9.000 gamle buplasser i Kvam», «Munketreppane på Lofthus», «Dronningstien på Ystanes», (fantastisk utsikt) og «Skimuseet på Utne».

Ei lita historie om idrettmerke, gutane har teke 17 nå. Første gongen kom den eine eleven strålende til timen: «Eg er nemnd i avis, for 1. gong, i høve ei idretts tilskiping». Han var då godt over 20 år. Saman med vel 34 andre stod han opplista som idrettsmerketakar.

I same veke var det eit stort bilet i avis med namn på mange born, dei hadde sprunge omlag to hundre meter.

Det er viktig for desse i denne gruppa. At dei kan syna at «Me og kan», og er førebilde for andre.

4. juni 2014 var det eit stort oppslag i Hardanger Folkeblad om pengegåver til talentfulle unge i Hardanger. Dei er plukka ut frå deira gruppe. Flott.

**Ivar Asbjørn Sekse og Vegard Svoldal er talentfulle unge innan si gruppe. Eg vonar at de kan ta kontakt med Vestnorsk Filmsentral, og at «gutane» kan få den økonomiske støtten, kr. 15.000 det er søkt om til «Dokumentar/kortfilm «Idrettsmerkestatuett».**

Denne gongen skriv eg under med berre eitt namn.

Me sender kopi til Vestnorsk Filmsentral, Ullensvang herad og Hardanger folkemuseum.



Venleg helsing Anne Lutro.